

UTTALELSE

Elektroarbeidernes Fagforening, Hordaland, Sogn og Fjordane.
Vedtatt på årsmøtet i representantskapet 8. april 2016

ME KREV TILTAK MOT KRISA I OLJE OG VERFTSINDUSTRIEN

38 000 arbeidsplassar har forsvunne frå olje- og verftsindustrien til no, og det er spådd at ytterlegare 12 000 forsvinn før trenden snur. Dette er svært dramatisk for alle som vert berørt.

Regjeringa visar lita evne eller vilje til å gjera noko med den situasjonen ein no er oppe i.

Ute på bedriftene ropar ei samla arbeidsgjevar- og arbeidstakarside om endringar i permitteringsregelverket for å kunna halda på kompetansen, men regjeringa nektar å høyra. Resultatet er mange oppseiingar som kunne vore unngått.

Tal frå SSB visar at talet på mellombels tilsette no er på 200 000, noko som er ein auke med 14 000 frå 4. kvartal 2014 til 4. kvartal 2015. Dette visar at regjeringa Solberg sine argumenter om at auka tilgong til mellombelse stillingar ville føra til fleire faste stillingar er totalt feilslått. Heller ikkje regjeringa sine skattekkutt har hatt den verknaden dei har hevda.

Me krev at staten må setja i gong nye tiltak innanfor «det grønne skiftet», og motkonjunkturaktivitetar må iverksetjast.

Eigardelane staten har i Statoil må nyttast aktivt til å behalda eksisterande og å skapa nye arbeidsplassar, og ikkje berre ha fokus på aksjekurs og utbyte. Analysar visar at at dagens nedtur vil snu i 2018, og då er det viktig at me har den rette kompetansen til å fylla det arbeidsplassane som då vil komma.

Me krev at staten brukar sin eigardel og krev at Statoil:

- Oppgraderer Mongstadraffineriet for å ta mot og raffinera olja frå Johan Sverdrup
- Iverkset naudsynt og førebyggjande vedlikehald på offshoreinstallasjonar
- Gjennomfører tiltak for å auka levetid og utvinning på felta
- Gir utbyggjarar større rom for å produsera meir av utbygginga i Noreg

Det er viktig at bedriftene er i stand til å kunna ta på seg framtidige oppdrag, og å kunna bidra til det grønne skiftet.

For å kunna halda på kompetansen i rolege tider er det difor naudsynt med endringar i permitteringsregelverket. Me krev difor:

- Kutta i bedriftene si lønnsplikt
- Opna for rullerande permitteringar utan at dette aukar kostnadane
- Opna for kursing under permittering utan tap av dagpengar

For å bidra til det grønne skiftet må staten:

- Bidra til finansiering og tilrettelegging til utbygging av landstraum både i hamner og om bord i skip.
- På alle fergestrekningar som går ut på anbod må det vera ein føresetnad at det vert nytta nullutsleppsferger.
- Investerer i nye kystvaktfarty som vert bygd i Noreg.
- Bidra i større grad til forskning og utvikling av andre energibærarar, som for eksempel hydrogen.
- TCM testsenter for testing og forbetring av CO2-fangstteknologiar på Mongstad må sikrast vidare drift.